

ULLSVATN

Samba Plan

165 Tyssedra

H. Segrov

- 3 -

3 RESULTAT

Vasskvalitet.

Analyseresultata av vassprøvene er sett opp i tabellen under.

Vatn	pH	el.leiings- evne mS/cm	Alkalitet mmol/l	Kalsium mgCa/l	Aluminium µg AL/l
Ullsvatn	5,05	19,3	0,03	0,46	50
Nedre Heiavatn	5,24	15,1	0,06	0,39	22
Skardavatn	5,34	5,8	0,06	0,25	13

Ullsvatn må karakteriserast som heller surt med høgt aluminiumsinnhald. Vasskvaliteten er noko betre i dei andre vatna. pH-verdiar under 5,0 er rekna for marginale med omsyn til rekruttering og overleving for aure og laks.

Mageprøver.

Det vart teke mageprøve av 15 fisk frå kvart vatn, næringsvalet er gjeve i volumprosent i tabellen under.

Næringsdyr										
	Fjørmygglarver	Fjørmyggpupper	Vårflugelarver	Døgnflugelarver	Vasskalvlarver	Børstemakk	Bosmina sp.	Bythostrephes longimanus	Linsekreps	Luftinsekt
Vatn										
Ullsvatn	7		45		3			40		5
Nedre Heiavatn	9	28					11			52
Skardavatn	9	8		3		4			3	73

Dei einskilde vatn.

Üllsvatn, 496 m o.h., areal = 96 ha.

Vatnet ligg i tiltalande omgivnader ca. 1/2 times gange på god sti frå bilveg. Bratte knausar og kollar dominerer terrenget rundt vatnet som er middels djupt. Tilhøva for utøving av fiske er fine både for garn og krokreiskap. Gyteareal finst i elva frå Velavatn og i innlaupselva i søraust. Her blir fiska litt med garn. Søraust for vatnet ligg ei stølsgrend.

Prøvefiske seint i juli med 1 Jensen-serie og 2 garn med 12 ulike omfar gav 64 aurar, største fisk var 29,7 cm og 240 gram. Gjennomsnittsvekta var 92 gram og gjennomsnittleg K-faktor 0,93. Kvaliteten var jamnt fin, lyseraud og raud kjøtfarge dominerte. Auren veks middels raskt dei 4 første leveåra, deretter avtek veksten for kvart år.

Planktonforma *Bythotrephes longimanus* dominerte mageinnhal-
det saman med vårflugelarver.

I 1972 vart det gjennomført tilsvarande prøvefiske i vatnet av Einar Berg ved Rogaland Skogselskap. Resultata frå dette prøvefisket var nær på identiske med resultata frå 1983 med omsyn til bestandstettleik og rekruttering. Vasskvaliteten var og tilnærma lik i 1972 og 1983.

Aurebestanden i vatnet er noko tett, meir garnfiske med 22-24 omfars garn ville raskt gje endå betre kvalitet og større fisk. Surt vatn kan truleg einskilde år ha innverknad på rekrutteringa.

LÆNGDE

CM

40

35

30

25

20

15

10

5


- 5 -

5 cm vekst/år

Aldersfordeling:

Alder	Antal
2 år	1
3 år	3
4 år	8
5 år	17
6 år	7
7 år	3
8 år	1

---: Lite materiale.



ULLSVATN. Vekstkurve, alder- og lengdefordeling.

% AV
TOTAL

60

50

40

30

20

10

N = 64

